

Årsmelding og rekneskap



VØR

Sortert avfall gir verdi!

2021

Innholdsliste

Styringsorgan	3
Representantskapet i VØR	3
Styret i VØR	3
VØR sitt samfunnsoppdrag	4
Mål	5
Selskapet si verksemd i 2021	6
Brukarundersøking	6
Informasjonsarbeid	7
Strandrydding	7
Ny merkeordning	7
Avfallsrekneskapet	8
Restavfall	10
Plukkanalyser av restavfallet	10
Matavfall	14
Plukkanalyse av matavfallet	14
Plastemballasje og papir, papp og kartong	16
Emballasje av glas og metall	17
Farleg avfall	17
Farleg avfall innsamlingsaksjon	19
Utviklinga i tida som kjem	19
Interne prosessar	20
Melsgjerdet 3	20
Biogass	20
Alida	20
ISO-9001	21
Samarbeid med ÅRIM, SSR OG RIR	21
Økonomi	21
Personale, arbeidsmiljø og ulykker	22
Representasjon i 2020	22

Styringsorgan

Volda og Ørsta Reinhaldsverk IKS (VØR) er heileigd av kommunane Volda og Ørsta, og med eigardel på 50% kvar. Selskapet ligg i Hovdebygda i Ørsta kommune, der ein har administrasjon, innsamlingsapparat, omlastingshall og miljøstasjon. VØR sitt virke er innsamling, transport og behandling av avfall og slam på vegne av eigarkommunane. Kommunane vedtek klimaplanar med konkrete tiltak for gjenvinning, dei fastset renovasjonsforskriftene og dei styrer selskapet gjennom selskapsavtale og representantskapet.

Representantskapet i VØR

Kvart kommunestyre oppnemnar sine medlemmar til representantskapet som styrer selskapet si retning og utvikling.

Representantskapet sine medlemmar for perioden 2020-2024 er:

Namn	Kommune	Personleg vara
Jan Henning Egset (leiar)	Volda	Jørgen Amdam
Eldar Englund	Volda	Arne Oddmun Torvik
Ingvild Aasen(nestleiar)	Ørsta	Aslaug Marit Øyehaug
Ingebjørg Osdal	Volda	Lin Storm Traagstad
Toril Hasfjord Bjørneset	Volda	Ann Charlotte Fiskarstrand
Kristin Riise	Ørsta	Dalana-Michelle Storebø
Pauline Vinjevoll	Ørsta	Einar Holsvik
Olav Hope	Ørsta	Børge Bornstein

Representantskapet avvikla 2 møter i 2021 og handsama 15 saker.

Styret i VØR

Representantskapet vel medlemmar til styret, med målsetting om å dekkje fleire kompetanseområder. I tillegg har styret til VØR alltid ein tilsetterepresentant.

Styret sine medlemmar for perioden 2020-2022 er:

Anne Ellingsen (styreleiar)	Ørsta
Hallvard Bjørneset (nestleiar)	Volda
Henriette Hafsaas	Volda
Jon Helge Bjørndal	Ørsta
Ove Myklebust (tilsetterepresentant)	VØR
Gina Bjørdal	1.vara Ørsta
Bjørnar Hovland	2.vara Ørsta
Sissel Anita Øyen Hareide	1.vara Volda
Kjell Tore Aarstad	2.vara Volda
Edle Holmin	Personleg vara for Ove Myklebust

Styret avvikla 7 møter og handsama 59 saker i 2021.

VØR sitt samfunnsoppdrag

Som eit interkommunalt avfallselskap skal VØR oppfylle eigarkommunane sine krav til kostnadseffektiv leveranse av tenester innan miljø og avfall. Samtidig skal vi ha fokus på god kundeservice og legge til rette for dei gode løysingane til innbyggjarane. Dette betyr at verksemda blir målt på bl.a økonomistyring, brukarvennlegheit og miljø- og materialgjenvinningsmål.


VØR utfører renovasjonstenester med innsamling av avfall for 21512 innbyggjarar i Volda og Ørsta kommunar (målt 3.kvartal 2021). I tillegg driftar VØR to miljø-gjenbruk-stasjonar, ein i Hovdebygda, midt mellom Ørsta og Volda, og ein i Grodås.

VØR er til ei kvar tid underlagt nasjonale og internasjonale krav til innsamling og behandling av avfall frå hushald og arbeidar innafor ein kvardag der måla for nasjonal avfalls- og klimapolitikk framover er fastsette gjennom handlingsplan for sirkulær økonomi, EU sitt rammedirektiv og klimamåla i Parisavtalen.

Stortinget vedtek mål for avfallspolitikken og desse er tett knytt opp til internasjonale mål i EU sine direktiv for avfall og emballasje. I tillegg blir avfallspolitikken i Noreg forma etter multilaterale klimaavtalar og sirkulær økonomi planar som nyleg er lagt fram av EU.

Avfallspolitikken i Noreg kan seiast å ha tre hovudretningar:

1. Auken i mengd avfall skal vere mindre enn den økonomiske veksten.
2. Avfallshierarkiet skal vere styrande for nasjonal avfallspolitik (sjå illustrasjon under). Avfallsreduksjon og ombruk viktigast. Materialgjenvinning deretter. Så energigjenvinning. Deponi er det lågaste nivået i hierarkiet.
3. Oppnå reine avfallsstraumar av høg kvalitet.



Figur 1: Avfallshierarkiet

Mål

EU og nasjonal avfallspolitikk sine mål for materialgjenvinning og ombruk:

- 60% materialgjenvinning ut frå materialgjenvinnar innan 2030
- 65% materialgjenvinning ut frå materialgjenvinnar innan 2035

Eigarkommunane har satt sitt eige mål til VØR gjennom representantskapet om å oppnå 60 % materialgjenvinning innan 2025.

I tillegg arbeidar VØR etter strategiplanar som blir revidert kvart år og som er vedtekne av representantskapet og styret. I strategi- og kommunikasjonsplan gjeldande for 2022-2025 var bl.a. desse måla til VØR nedfelt og vedtekne av selskapet sitt styringsorgan:

- Klimautslepp skal vere eit gjennomgåande perspektiv i innkjøp, planlegging av transport og transportløyser. Interne som eksterne.
- Digitalisere områder for å auke kvaliteten på tenestene og kunne gi sann tid opplysningar til kundane.
- Innrette gebyrregulativet sterkare mot brukarbetaling for tenester.

Selskapet si verksemd i 2021

Brucarundersøking

VØR fekk i 2021 utført ei brukarundersøking av Norfakta der vi kartlaga kor tilfredse kundane er med oss på blant anna tema som:

- Oppsamlingssystemet
- Henting av avfall
- Miljøstasjon
- Etterbehandling av avfallet
- Informasjon
- Pris
- Respons ved kontakt med selskapet

I brukarundersøkinga som vart gjort får VØR i denne målinga ein total ureflektert og total reflektert tilfredsheit på 76 og 73 poeng. Dette er om lag på gjennomsnittet samanlikna med andre selskap.

Kundane er stort sett fornøgd med oppsamlingssystemet for dagleg avfall (72 poeng), men er berre middels tilfredse med hentinga av avfallet (67 poeng). Mest nemnde årsak i undersøkinga er at avfallet blir henta for sjeldan.

Som i 2020 scorar VØR høgt på kundetilfredsheit på miljøstasjonen (80 poeng), og om lag 9 av 10 kundar har nytta seg av miljøstasjonen for å levere inn større ting eller større mengder avfall.

Undersøkinga viser at det er eit behov for innbyggjarane om meir informasjon om avfall og sluttbehandling. Berre 3 av 10 som har kjennskap til kva som skjer med avfallet etter at det er samla inn. I tillegg er kundane no mindre tilfreds med sluttbehandlinga av avfallet (59 poeng). Dette til tross for at 9 av 10 kan hugse å ha mottatt informasjon frå VØR det siste året.

Av dei spurte i kundeundersøkinga har om lag halvparten vore i kontakt med oss. Kundane er relativt fornøgde med responsen (77poeng) dei har fått, men er berre middels fornøgde med betalingsopplegget. Årsakar som er nemnd i undersøkinga er at enkelte meiner det begynner å bli dyrt og at det er altfor lite differensiert prising.

Det mest interessante med denne undersøkinga, var eigenkomponerte spørsmål som VØR fekk stille til innbyggjarane og svara vi fekk:

- 6 av 10 kundar ønskjer å bytte ut plastposar med nedbrytbare papirposar til matavfallet.
- 8 av 10 kundar er interessert i ei eiga separat innsamlingsordning for plastemballasje.
- For at folk skal kjeldesortere meir avfall heime treng ein:
 - o Meir informasjon om kva som skjer med avfallet.
 - o Meir kunnskap om kva avfallet er og korleis det skal sorterast.
 - o Meir informasjon om miljønytta av å sortere avfallet.

Undersøkinga for 2021 avdekkjer at det i hovudsak er oppsamlingssystemet, henting av avfall heime hjå abonnentane, informasjonen og miljøstasjonen som har mest å seie for kunden si tilfredsheit.

Informasjonsarbeid

Det har vore lite aktivitet når det gjeld informasjonsarbeid ut mot skular og barnehagar i 2021 grunna Covid-19 pandemien. Ein har likevel hatt nokre omvisingar på anlegget i Hovdebygda blant anna for elevar frå Ørsta ungdomsskule.

Brukarundersøking som vart utført våren 2021 viste at innbyggjarane fortsatt saknar informasjon om sluttbehandling av avfallet som blir samla inn. Vi har difor ved utsending av årets sortingsguide valt å nytte baksida til informasjon om kvar avfallet blir sendt og behandla. Saman med kalenderen for 2022 og sorteringsguide sende vi ut eit nyhendebrev før jul med informasjon om «knyt-på-dunk» ordninga, kor mykje avfall vi produserer per innbyggjar, returkartonglotteriet, ny innsamlingsordning for plastemballasje, fokus på kvalitet og informasjon om månadleg fakturering.

Vi starta også opp arbeidet med å lage ei ny brosjyre for nye abonnentar. Denne vert å ferdigstille i 2022. Elles har mykje av informasjonen publisert på nettside og Facebook omhandla kvalitet, riktig sortering av avfall og innblikk i kvardagen til oss på VØR. Vi gjentok også i 2021 suksessen frå året før med adventskonkurransen kvar søndag før jul. Dette skapte mykje engasjement, vi fekk ut ein del viktig budskap og vi fekk ein del nye følgjarar på sosiale medium.

Vidare har det vore brukt ein del tid på intern kommunikasjon gjennom opplæring av tilsette og presentasjon av ulike prosjektarbeid. Vi har også fått ferdig stilt arbeidet med nye sorteringsskilt i miljøstasjonen med ny merkeordning.

Ina Osdal Saure sa hausten 2021 opp stillinga si som kommunikasjonsansvarleg hjå VØR, og etter ei omorganisering i selskapet vart Anne Mette Farstad konstituert som kommunikasjonsleiar frå 01.11.21 og har no ansvaret for informasjonsarbeidet i VØR.

Strandrydding

Det har vore mindre aktivitet når det gjeld strandrydding i 2021 sett i høve tidlegare år. Mykje av dette skuldast covid-pandemien og smitteomsyn, men også mindre merksemd rundt temaet enn tidlegare.

Småjobbsentralen i Ørsta, har i samarbeid med VØR, likevel gjort ein god innsats med å koordinere mindre aksjonar rundt i Ørsta, samtidig som dei har bidrege med transport av avfall til miljøstasjon frå ryddeaksjonar i Volda kommune. Vi har totalt samla inn 6690 kg med avfall frå ulike aksjonar i 2021.

Ny merkeordning

Den nye merkeordninga for kjeldesortering er basert på det danske merkesystemet som blei lansert i 2017. Målet med denne ordninga er at ein skal legge til rette for eit felles nordisk system. Ambisjonane til Noreg og dei andre landa i Norden er at ein skal ha lik merking for

kjeldesortering heime, på jobben, i det offentlege rom, på miljøstasjonar og på emballasje. Merkeordninga skal bidra til å gjere det enklare for folk å kjenne att sorteringskrava uavhengig av kvar i landet ein oppheld seg. Dette er eitt tiltak for å auke mengda reint resirkulerbart avfall, utan innblanding av avfallstypar som ikkje skal vere der grunna manglande kunnskap eller mistydingar.

Målet med god sortering er at ein skal nytte mindre jomfruelege råvarer, og at dei råvarene og produkta som er i bruk skal vere i omløp mykje lenger. På den måten får ein ei meir berekraftig utvikling og ein sirkulær økonomi.

VØR starta med jobben med å merke opp alle behaldarane i kommunane Volda og Ørsta med dei nye merka i 2021. Dette er noko som tar tid. Det er mange tusen som skal merkast opp, og ein vil framover utføre dette gradvis. Vi har fått merka opp alle sorteringskilt på miljøstasjonen i Hovdebygda med dei nye merka i 2021.

Avfallsrekneskapet

Vi såg i 2020 at covid-pandemien satte spor når det gjaldt VØR si daglege drift. Sjølv om vi har hatt periodar med meir normale tilstandar i 2021 enn i 2020 har vi merka pandemien godt også dette året. Vi har også dette året hatt mykje besøkande på miljøstasjonane, og bra mengde med innsamla avfall heime hjå abonnentane våre.

I tabell 1 kan ein lese av avfallsrekneskapet at totale mengder avfall samla inn i 2021 er lavare enn i 2020, men høgare enn åra før 2020.

Innsamling	2017	2018	2019	2020	2021
Papir, papp og kartong	1040	979	899	762	607
Glas- og metallemballasje	264	268	272	332	345
Plastemballasje	84	202	219	194	246
Restavfall	2916	2790	1139	1518	1879
Matavfall	0	0	1480	1690	1646
Miljøstasjon	2017	2018	2019	2020	2021
EE avfall	194	198	182	172	178
Metall frå miljøstasjon	236	206	238	222	245
Tekstil (frå begge kommunar)*	143	216	171	162	157
Gummi	20	27	11	8	32
Hageavfall	765	573	600	602	699
Grovavfall	690	661	696	702	754
Trevirke	419	401	410	438	361
Farleg avfall**	250	287	264	369	269
Uorganisk avfall (Gips, isolasjon, stein, betong, flis)	183	123	119	199	194
EPS				1	3
Slam***	132	363	84	489	182
Totalt	7193	7078	6613	7698	7640
Til materialgjenvinning (t)	2779	2865	3985	4509	4158
Materialgjenvinningsgrad	38,6	40,5	60,3	58,6	54,4
Til energigjenvinning (t)	4196	4042	2245	2910	3381
Energigjenvinning	58,3	57,1	33,9	37,8	44,3
Til deponi (t)	218	171	119	280	193
Deponi	3,0	2,4	1,8	3,6	2,5

Tabell 1: Avfallsrekneskapet 2021

*Tekstil påverkar ikkje materialgjenvinningsgrad då tekstil ikkje blir rekna som avfall, men gåve og ombruk.

**Total talet for farleg avfall er delt inn materialgjenvunne, energigjenvunne og deponert.

*** 2020 var ordinær tømmerunde for slam i hushald i Ørsta og Volda kommunar.

Nedgangen i den totale mengda skuldast at vi 2020 hadde ordinær tømmerunde for slam. Dette gjør at vi i år hadde ein nedgang på 307 tonn i innsamla mengde slam i år. Ser vi bort frå slammengda har vi hatt ei auke i mengda avfall frå 2020 til 2021 både på innsamla mengde og mengde som har kome inn på miljøstasjonane. Men vi skal i denne samanheng vere klar over at vi har endra rapporteringsmåte på restavfall som har kome inn på miljøstasjonen frå 2020 til 2021. Målepunktet er no faktisk mengde som går til forbrenning og ikkje mengde vægd inn over vekta. Dette fører til at rekneskapen viser ein oppgang i mengd restavfall frå 2020 til 2021, medan det reelt sett er ein nedgang.

I 2019 nådde vi materialgjenvinningsgrad over 60 % takka vere innføring av matavfallsortering og som ein konsekvens av dette igjen; ein kraftig reduksjon i innsamla mengder restavfall. I 2021 har vi ein nedgang i materialgjenvinningsgraden frå 58,6 % i 2020 til 54,4 % i 2021. Vi har i 2021 opplevd at det er eit mykje større fokus på kvalitet på råvarene som skal gå til materialgjenvinning. Året starta med lave prisar på papir og papp, og mottakar av vår blanda fraksjon av papir, papp og kartong gav oss mykje strengare kvalitetskrav enn tidlegare. Dette førte til at vi fekk omklassifisert ein del av denne fraksjonen til restavfall, og at vi måtte gjere strengare utsortering før vidareending. Desse tiltaka har ført til at ein del innsamla papir, papp og kartong har blitt omklassifisert og sendt som restavfall. Dette viser igjen i avfallrekneskapet.

Det har også vore eit større fokus på å betre råvara som vi sender frå oss av glas- og metallemballasje. Hausten 2020 hadde vi mykje kvalitetsavvik frå mottaksanlegget Sirkel. Vi gjor ein del grep vinteren 2021, og gjekk frå å levere dårlege resultat til å bli kåra til 2.kvartals beste leverandør av glas- og metallemballasje. Men dette har kosta i form av nedgang i materialgjenvinningsgraden.

Restavfall




Restavfall	2017	2018	2019	2020	2021
Kg per innbyggjar	145,8	139,5	56,7	70,9	87,3

I 2019 opplevde vi meir enn halvering av mengda med restavfall samla inn hjå abonnentane. Mykje av dette kan vi mest truleg føre tilbake til innføringa av eiga sorteringsordning for matavfall, men også gode sorteringsvanar hjå innbyggjarane våre. I 2021 har vi hatt ein stor vekst i mengda innsamla restavfall frå våre abonnentar. Noko av dette skuldast auka kvalitetskrav på andre fraksjonar, som for eksempel papir og papp, og glas og metallemballasje. Men mest skuldast opprydding i slamdeponiet Alida, med 23,7 kg pr innbyggjar.

Plukkanalyser av restavfallet

I tråd med strategiplanen for 2021-2024 vart det vedteke at VØR skulle utføre årlege plukkanalyser av avfallet i behaldarane ute hjå abonnentane. Bakgrunnen for dette er å få meir kunnskap om samansetninga, sorteringsgrad og om ulike verkemidlar og informasjonstiltak har hatt effekt. Samtidig kan det fortelje oss kva andre tiltak vi må sette inn for å best mogleg utnytte ressursane som er att i restavfallet. Sjølvje analysearbeidet vart utført av ÅRIM og resultatet er samansett i figur 2.

Plukkanalyse restavfall VØR 2021




Figur 2: Plukkanalyse restavfall VØR 2021

Diagrammet i figuren ovanfor fortel oss at innbyggjarane våre gjer mykje riktig når det kjem til kjeldesortering. Det er lite innhald av ee-avfall og farleg avfall, fraksjonar som erfaringsmessig utgjer ein stor brannrisiko i restavfallet. Det er også lite av fraksjonar som er eigna til materialgjenvinning som papir og papp, drikkekartong og metall- og glasemballasje. Likevel ser vi at ein har eit potensiale i å få sortert ut meir matavfall. 24,5 % av innhaldet i restavfallsdunkane var matavfall.

Plukkanalysa for 2021 viser også at det er ein del tekstil i restavfallet. 8,2% av avfallet i restavfallsdunken var ved anlysa i 2021 tekstilar. Dette er ein oppgang på 2,7 % i høve 2020. Dette er ein fraksjon som er uønska i forbrenningsprosessen til energigjenvinningselskapa, samtidig som dette er ein fraksjon som ofte kan brukast opp igjen og haldast i live lenger. Tekstilindustrien står også for noko av dei største utsleppa både til klima og miljø på verdsbasis. Vi har mykje å vinne på å sortere ut meir tekstil og få sendt dette til ombruk og materialgjenvinning.


Om vi samanliknar resultatet frå plukkanalysa på restavfall gjort i 2021 med resultatet frå 2021 ser vi at det er eit ganske likt resultat som i fjor. Figur 2 nedanfor viser fordelingane per fraksjon.

RESTAVFALLET SITT INNHOLD: VØR 2020 OG VØR2021



Figur 3: Samanlikning plukkanalyse 2020 vs 2021

Matavfall



Matavfall	2019	2020	2021
Kg per innbyggjar	73,6	79,0	76,5

Sidan VØR innførte ny innsamlingsordning for matavfall i 2019 auka mengda mykje til 2020. Mykje av dette skyldast nok koronapandemien, som gjorde at folk reiste mindre og laga meir mat heime hjå seg sjølve. Men det er også grunn til å tru at fleire av innbyggjarane vart vande med denne ordninga og sorterte difor ut meir av matavfallet sitt. Frå 2020 til 2021 har vi hatt ein liten nedgang i mengda innsamla matavfall, noko som nok skyldast at samfunnet var meir ope i 2021 enn i 2020 og dette førte til at fleire byrja å reise og ete meir ute igjen.


Sjølv om innbyggjarane våre er flinke til å sortere ut matavfall ser vi av plukkanlaysa av restavfall at det er eit stort potensiale i å hente ut enda meir frå restavfallet. Matavfall stod for 24,5 % av innhaldet i dunkane med restavfall. Hadde vi tatt ut 20 % meir matavfall frå restavfallet hadde vi hatt ein heilt annan materialgjenvinningsgrad.

Plukkanalyse av matavfallet

I tråd med strategiplanen for 2021-2024 vart det vedteke at VØR skulle utføre årlege plukkanalyser av avfallet i behaldarane ute hjå abonnentane. Hausten 2021 utførte VØR i samarbeid med ÅRIM ei plukkanalyse av 400 kg matavfall henta frå dunkane til enkelte av våre abonnentar. Målet med plukkanalysen er sjå på samansetninga av avfallet, sorteringsgraden og om ulike verkemidlar og informasjonstiltak har hatt effekt. Samtidig kan det fortelje oss kva andre tiltak vi må sette inn for å best mogleg utnytte ressursane.

Resultatet ved plukkanalyse viser at våre abonnentar gjer mykje rett i sortering av matavfall, men at det også er noko potensiale i å redusere matsvinn og betre sorteringsgraden. Resultatet for 2021 viser ein feilsortering på 12 % og eit matsvinn på 39 %. Matsvinnet representerer frukt, kjøtt, fisk, meireiprodukt og andre matvarer som er fullt brukande. Den reelle mengda, det som er rett sortert, er på 45 %. Resultatet er vist i figuren nedanfor.


Matavfall VØR 2021



Figur 4- Plukkanalyse matavfall VØR 2021

Sidan 2021 var første året VØR gjorde ei plukkanalyse på matavfallet som er samla inn har ein ikkje noko samanlikningsgrunnlag frå tidlegare år. Men vi har nedanfor samanlikna oss med ÅRIM som gjorde same analyse i 2020.


Innhald i matavfallet : ÅRIM 2020 og VØR 2021



Figur 5 - Samanlikning ÅRIM 2020 vs VØR 2021

Som vi ser av figuren ovanfor er det ikkje store forskjellen på kva som er i dunkane med matavfall hjå VØR og ÅRIM. Det som skil seg ut er at ein i vår analyse har ei mykje høgare grad av feilsortering enn ved ÅRIM. Medan VØR har ei feilsorteing på 12,4 % har ÅRIM berre 0,7 %. Om dette skuldast mykje feilsortering av ein abonnenten, eller om dette er ein trend, er vanskeleg å seie før ein har tatt fleire plukkanalyser på matavfallet hjå VØR.

Plastemballasje og papir, papp og kartong



Plastemballasje	2017	2018	2019	2020	2021
Kg per innbyggjar	4,2	10,1	10,9	9,9	11,4

Papir,papp og kartong	2017	2018	2019	2020	2021
Kg per innbyggjar	52	48,9	44,7	34,7	28,2

I 2021 syner statistikken at VØR har samla inn mindre mengder med papir/papp og kartong enn året før, medan mengda med plastemballasje har auka. I følge avfallsrekneskapen har ein i 2021 samla inn 11,4 kg plast per innbyggjar. Dette er rekordtal for VØR sin del. Men dette syner berre utviklinga som er spådd, at mengda med papir vil gå ned og plastmengda vil auke.

Noko av nedgangen i papir kan naturleg forklarast ved at folk nyttar mindre aviser i papirformat og mange seier nei-takk til reklame i posten. Noko av svaret er og dårleg kvalitet som har blitt omklassifisert til restavfall hjå oss eller mottaksanlegget.

Året starta med lave prisar på papir og papp, og mottakar av vår blanda fraksjon av papir, papp og kartong gav oss mykje strengare kvalitetskrav enn tidlegare. Dette førte til at vi fekk omklassifisert ein del av denne fraksjonen til restavfall, og at vi måtte gjere strengare utsortering før vidareending.

Emballasje av glas og metall



Emballasje av glas og metall	2017	2018	2019	2020	2021
Kg per innbyggjar	13,2	13,4	13,5	15,5	16,03

Sidan vi starta med innsamlinga av glas- og metallemballasje har mengda på stege for kvart år. Og dette var også tilfelle i 2021. Vi har hatt ei auke i innsamla mengde per innbyggjar på 0,53 kg.

Det har vore vanskeleg å få god kvalitet på råvara av glas- og metallemballasje som vi sender frå oss til Sirkel i Fredrikstad i mange år. Etter fleire trekk på grunn av dårleg kvalitet tok vi ein del grep hausten 2020 og vinteren 2021. Vi sette meir ressursar på ettersortering, hadde ein del kvalitetskontrollar ute med abonnentane vår og informerte i ulike kanalar om problemet med kvalitet. Dette gav resultat. Vi vart i 2. kvartal 2021 kåra til den beste leverandøren av glas- og metallemballasje av Sirkel.


Farleg avfall



VØR hadde i 2021 ein nedgong i innsamla mengde farleg avfall i høve 2020. Nedgangen ser vi mest i dei tunge fraksjonane som asbest, impregnert trevirke, maling og vindu med innhald av farlege stoff (bl. anna klorparafin). Noko av forklaringa ligg nok i det at vi hadde eigen innsamlingsaksjon for asbest i 2020, og at covid-situasjonen førte til veldig mykje oppussing og renovering. Dette førte til at vi fekk inn store mengder med bygningsavfall som blant anna cca-impregnert trevirke. På spørsmål om eigen asbestaksjon og i 2021, var tilbakemelding frå grendalaga, at det ikkje var naudsynt.

Fordelinga og endringa frå 2020 til 2021 er vist i figuren nedanfor. Her ser ein alle fraksjonane som vi har teke i mot og utvikla dei siste to åra.

Farleg avfall 2020 vs 2021



Figur 6 - Farleg avfall 2020 vs 2021

Farleg avfall innsamlingsaksjon

Sjølv om vi har ein nedgang i total innsamla mengde farleg avfall har vi ei auke i mengda på innsamla farleg avfall og elektrisk avfall gjennom innsamlingsaksjonane vår på bygdene (om ein ser vekk frå aksjonen som vi hadde på asbest i 2020).

Vi hadde i 2021 innsamling av farleg avfall på bygdene både på våren og hausten. Totalt samla vi inn 21310 kg farleg avfall fordelt på 25 bygder i kommunane Ørsta og Volda. Inntrykket ved desse aksjonane er at dette vert sett stor pris på av innbyggjarane rundt om i kommunane vår.

Utviklinga i tida som kjem

Den viktigaste prioriteringa i avfallspolitikken er ein nedgang i totale mengda med avfall som stammar frå hushaldningane. VØR har følgd trenden med nedgang i totale avfallsmengder per innbyggjar sidan 2016 og heilt fram til 2020. Åra 2020 og 2021 har vore avvikande år, der vi har satt rekord i mengder restavfall og bygningsavfall levert i på miljøstasjonen. I tillegg til ei generell auke i mengda innsamla avfall frå hushaldningane, har dette ført til at avfallsmengdene per innbyggjarar i 2020 og 2021 er unormalt høge. Dette skuldast pågåande covid-situasjon, god økonomi i landet vårt og oppryddinga av gammalt deponi i Alida. Det siste gir eingangs effekt.

Selskapet undersøker stadig om det er fleire avfallsfraksjonar som kan materialgjenvinnast, då kravet om 60 % materialgjenvinning vert krevjande å nå i åra framover. Vi må sjå på fleire fraksjonar skal det vere råd å nå dette målet.

Selskapet har notert seg ein moglegheit til å flytte treverk frå energigjenvinning til materialgjenvinning, då det finst moglegheit for å levere reint treverk til sponplateproduksjon som tel som materialgjenvinning. Det var også gjort eit vedtak tidlegare av Representantskapet om å undersøke moglegheitene for å behandle hardplast. Dette blir det jobba meir med i 2022, og vi håper vi har løysingar både for trevirke og hardplast i løpet av året. I løpet av året 2022 skal det leggest fram eiga sak om innsamling av hageavfall.

Utvida sorteringsløysingar krev meir område under tak som vi ikkje har per dags dato. Dette vil vere mogleg når den nye omlastingsstasjonen på Melsgjerdet står klart i 2022 og mykje av dagens aktivitet kan flyttast dit. Deretter må anlegget i Hovdebygda oppgraderast med meir avfall under tak.

For å nå framtidige materialgjenvinningsmål innan 2030 med nytt målepunkt for materialgjenvinning må vi rekne med at dei nemnte avfallstypene, i tillegg til fleire fraksjonar må utsortierast i løpet av åra som kjem. Så tidleg som 2023 kan materialgjenvinningsgrada bli målt etter mengder som kjem ut frå behandlingsanlegget og ikkje mengder som blir sendt til anlegget, som er praksisen i dag.

Uansett kva slags politiske mål som vert vedtekne, skal VØR gjere sitt til at vedtekne mål vert nådd, til det beste for noverande og framtidige generasjonar.

Interne prosessar

Melsgjerdet 3

VØR treng meir plass til å kunne ta imot fleire sorterte fraksjonar i Torvmyrane. Statsforvaltar har i tillegg krav til at alt avfall skal lagrast under tak. VØR har derfor vedteke å flytte ut den delen av drifta si som ikkje fysisk treng om å vere i Torvmyrane. Det er den innsamla delen av avfallet slik som rest-, mat-, papiravfall, hushaldningsplast- og glas og metall emballasje. Ilag med dette følgjer oppstillingsplass av bilane i innsamlinga og lagerplass for behaldarar og anna innsamlingsutstyr.

Etter år med venting på Løyve, tomt med meir, er året 2021 då bygginga på Melsgjerdet for alvor tok til.

Ein starta opprigging like før jul i 2020. Igangsettingsløyvet kom i februar 2021.

Ein måtte våren 2021 sende ein tilleggsøknad om løyve til Statsforvaltaren i Møre og Romsdal med søknad om infiltrasjon av overflatevatn frå reine områder. Reine områder er definert som takvatten og vatten frå reine trafikkområder. Ureine områder er lastegropa, rest og matavfallshallen innadørs. Bakgrunnen for dette var at Statsforvaltaren og Ørsta kommune hadde tolka grunnlaget for løyvet ulikt når det kom til handtering av overvassmengder for påslepp til kommunalt nett. Tilleggsløyvet med infiltrasjon av overflatevaten frå rein sone, vart gitt av Statsforvaltaren i mai 2021. Vedtaket vart påklaga til Miljødirektoratet, men Statsforvaltar gav ikkje Løyvet oppsetjande verknad, og arbeidet kunne derfor fortsette.

Grunnarbeidet var for det meste ferdig til sommaren 2021, og etter ferien starta ein med å reise bygga. Ved årsskifte 2021/22 har omlastehallen for rest-, og mat-avfall ilag med lastehall, vaskehall og garderobe fått tett tak. Innreiingsarbeidet er igangsett. Hall for papir og glas og metallemballasje fekk tett tak i februar 2022.

Totalentreprenøren Aurstad Tunell AS planlegg overlevering av bygget midt i juni 2022.

Biogass

Løyve til biogassanlegg på Melsgjerdet 3, vart motteken i september 2021. Dette løyvet vart påklaga, men 20 desember fekk vi melding om at klagen ikkje fekk oppsetjande verknad. Arbeidet med å finne samarbeidspart som kan bygge og drifte for oss, er i gang.

Alida

VØR har hatt Løyve til mellomlagring av avvatna slam i Alida frå 1991. Mellomlagringa vart gitt løyve til opp på gamal grovavfallsfylling.

VØR blanda deretter slammet med kværna hageavfall og kværna trevirke, for å få ein så god kompostprosess som råd. I 2011 var siste året det var lagt inn slam, og frå 2013 har det vore klart for avslutting.

I Løyvet punkt 4. var det sett vilkår til etterbruk til jordforbetningsmiddel. Det synte seg å vere utfordrande, og ein lukast ikkje med å finne avsetnad.

Analyser påviste for mykje ureining som avgrensa bruk til veganlegg eller deponi under føresetnad av utsortering av plast og framandlekamer i forkant. Det ville verte kostbart.

I fleire omgangar var det derfor forsøkt levert slik det låg, til omliggande avfallsselskap. Men utan å lukkast. I samband med årsmeldinga i 2019, bad styret om at dette vart prioritert enda høgare.

I 2021 fann vi ein aktør som kunne nytte det og som hadde utstyr til å sortere det. Dels til jord for vegskråningar og dels til toppdekke deponi som skulle avsluttast, alt etter kva prøveresultatet ville syne.

Totalt gjekk det ut 6535 tonn fordelt på tre utskipingar. 1970 tonn til Eidfjord i juli og 4465 tonn til Kristiansand fordelt på ein leveranse i oktober og ein i november.

I samband med utskipinga stelte vi til terrenget i Alida etter oss, i tråd med avslutningsplan slik det er krav om i punkt 5. i Løyvet. Det som no står att i 2022 er å så til.

Kostnadene er førte i slamrekneskapet. I praksis mest finansiert av tidligare års slamfond. Resten vert å ta att i komande fem års periode i tråd med regelverket for sjølvkostfond.

ISO-9001

VØR er opptatt av å kunne dokumentere at vi følgjer lovar og reglar, Løyver og offentlege pålegg. Vi sertifiserte oss derfor etter ISO 9001 standarden i 2020 for å ha eit eksternt revisjonsfirma som kontrollera rutineane våre og etterlevinga av disse.. For å kunne behalde sertifiseringa, må ein fleire gangar pr år gå igjennom revisjonar som verifiserar etterleving av standarden. I 2021 vart det utført to interne revisjonar og ein ekstern revisjon av kvalitetssikringssystemet. Ved intern revisjon vart miljøstasjonsdrift og administrasjonen revidert. Desse revisjonane vart utført av kvalitetsansvarlege Stine Gytri.

Den eksterne revisjonen vart utført av sertifiseringsorganet Verify. Vi kom igjennom revisjonen utan avvik.

På seinhausten 2021 fekk vi overført kvalitetssikringssystemet vårt til eit eige system, Landax, som gjer systemet tilgjengeleg for alle tilsette gjennom ein app på telefonen og pc. Dette for å gjere det enklare for brukarane

Samarbeid med ÅRIM, SSR OG RIR

Dei fire interkommunale avfallselskapa har eit godt samarbeid på fleire områder, men på grunn av omorganiseringar og skifte i leiinga i fleire selskap har det i 2021 vore mindre samarbeidsmøte enn tidlegare.

Rapporten om eit felles ettersorteringsanlegg av restavfall vart lagt fram og ferdigstilt i 2021. Denne rapporten konkludera med at det er mogleg med eit slikt anlegg i Ålesunds-regionen. Tiltaket kan føre til at meir avfall frå dei interkommunale selskapa går til materialgjenvinning, og ein vil få ein reduksjon i klimagassutslepp frå energigjenvinningsanlegget Tafjord Kraftvarme. Men det er fortsatt ein lang veg å gå før dette kan bli ein realitet. Ein må utgreie kostnadsaspektet, kartlegge avfallsmengder frå næringslivet, avklare ulike tilhøve, osv. Dette er lagt på is enn så lenge.

Økonomi

VØR omsette i 2021 for kr 41.566.056,- og fekk eit underskot på kr 845.356,- Sjølvkostområde renovasjon har eit overskot på kr. 4.495.626,- som er tilført fond renovasjonsgebyr. Overskotet kjem som eit resultat av sein oppstart bygging på Melsgjerdet 3. Ser ein bort frå dette er det godt samsvar mellom budsjett og rekneskap.

Sjølvkostområde slam har eit underskot på - kr 4.449.649,- Det negative resultatet kjem frå opprydding av slamdeponiet i Alida, og dette er omtala særskilt i årsmeldinga.

Sjølvkostfond hushaldningsrenovasjon synte per 31.12.2021 ein positiv balanse stort kr. 8.009.061,- opp frå kr3.513.435,- pr. 31.12.2020.

Sjølvkostfond slam synte ein negativ balanse stor kr. 2.176.111,- pr 31.12.21 ned frå kr 2.273.538,- per 31.12.2020.

Annan eigenkapital syner kr 13.462.763,- per 31.12.2021 ned frå kr. 14.354.094- per 31.12.20.

Endringa kjem som følge av at statleg fastsett kalkulasjonsrente som er ført i sjølvkostrekneskapen, vert utrekna frå aktiverte balanseverdiar og ikkje faktisk betalt rente. Etter rekneskapslova skal aktiva først avskrivast når den vert tatt i bruk. Når vi held på med bygging og har store lån, utan å få verdiane aktivert for avskrivning, vert differansen negativ. Frå sommaren 2022 vil anlegget på Melsgjerdet 3 vere i drift, og då vil denne for oss negative effekten, nulle seg ut.

For andre detaljere opplysningar, vil vi vise til rekneskapen 2020 med notar.

Personale, arbeidsmiljø og ulykker.

VØR har ved utgangen av året 19 fast tilsette fordelt på 17,8 årsverk. Dei tilsette har synt god arbeidsvilje, og løyst utfordringane i 2021 godt.

Internkontrollsystemet er no slått saman med kvalitetssystemet ISO 9001. Risikovurderingar vert brukt aktivt for å avdekke risiko for uhell og sjukefråvær. Alle oppdaga avvik blir rapportert skriftleg.

Vi samarbeidar med Stamina Helse om å ha eit godt arbeidsmiljø, og organiserer aktivitetane på anlegget slik at risikoen for ulykker på anlegget og utslepp til det ytre miljø vert minimert. Vi leiger inn Sikkerheitsrådgivarteneste med Hans Ivar Langvatn AS.

Likestilling er gjennomført i styrande organ, og vert teke omsyn ved tilsettingar. Ved like kvalifikasjonar, vert underrepresentert kjønn prioritert. Av våre tilsette ved årsskiftet, er 6 kvinner.

VØR hadde 1,6 % eigenmeldt fråvær (< 3 dagar), 1,1 % legemeldt sjukefråvær mellom 3 og 16 dagar og 1,1 % langtids sjukefråvær over 16 kalenderdagar (utover arbeidsgjevarperioden). Totalt eit sjukefråvær på 3,81 % i 2021 mot 11,3 % i 2020.

Vi har ikkje registrert tilfelle av ureining til det ytre miljø i 2021. Vi har ikkje registrert klage på lukt frå anlegget vårt.

Det er gjennomført medarbeidar samtalar med alle tilsette i 2021. Vidare vart vi resertifisert etter ISO 9001 -standarden i november. Dette har løfta oss med betre rutinar på alle nivå.

Representasjon i 2021


Covid-19 pandemien har gitt avgrensa reiseaktivitet og få representasjonsoppdrag i 2021. Nokre møter med færre enn ti deltakarar har det likevel blitt.

Ina Osdal Saure deltok i regional gruppe – felles ettersorteringsanlegg for restavfall på Sunnmøre. Grappa avslutta sitt arbeid med sluttrapport våren 2021.
Ina Osdal Saure var styremedlem i Avfallsforum Møre og Romsdal.
Petter Bjørdal er deltakar i styringsgruppa for felles ettersorteringsanlegg på Sunnmøre.
Petter Bjørdal har delteke i regionalt nettverk for leiarar i renovasjonsselskapa, med møte i Ulsteinvik, Molde og i Ålesund.

Hovdebygda 29.03.2022



Anne Ellingsen
Styreleiar



Hallvard Bjørneset
Nestleiar




Jon Helge Bjørndal



Henriette Hafsaas



Ove Myklebust
tilsette sin representant



Petter Bjørdal
Dagleg leiar

VOLDA OG ØRSTA REINHALDSVERK IKS org.nr. 984068085 MVA**RESULTATREKNESKAP 2021**

	Note	2021	2020
DRIFTSINNTEKTER OG DRIFTSKOSTNADER			
Driftsinntekter			
Salsinntekt		41 460 689	43 635 464
Annan driftsinntekt		105 367	<u>48 542</u>
Sum driftsinntekter		<u>41 566 056</u>	<u>43 684 006</u>
Driftskostnader			
Frakt, toll og spedisjon			
Behaldningsendring sekkar		390 137	-137 777
Underentreprise		-478 256	-194 665
Lønnskostnad	2	-14 249 091	-12 507 813
Avskrivning	3	-2 714 151	-3 051 721
Annan driftskostnad		<u>-24 304 031</u>	<u>-22 294 159</u>
Sum driftskostnader		<u>-41 355 393</u>	<u>-38 186 134</u>
Driftsresultat		<u>210 663</u>	<u>5 497 872</u>
FINANSINNTEKTER OG FINANSKOSTNADER			
Finansinntekt		291 343	698 655
Nedskrivning av finansielle anleggsmiddel			
Annan finanskostnad		<u>-1 563 984</u>	<u>-1 636 837</u>
Sum netto finanspostar		<u>-1 272 641</u>	<u>-938 182</u>
Resultat før skattekostnad		-1 061 978	4 559 690
Skattekostnad på ordinært resultat	7	<u>216 621</u>	<u>12 060</u>
Ordinært resultat		<u>-845 357</u>	<u>4 571 750</u>
Årsresultat		<u>-845 357</u>	<u>4 571 750</u>
Arsoppgjersdisposisjonar			
Frå fond etterdriftstiltak			
Frå fond slam		4 449 649	-993 998
Til fond hushaldning		-4 495 626	-4 103 588
Overført frå annan EK		<u>891 333</u>	<u>525 836</u>
Sum disponert		<u>845 356</u>	<u>-4 571 750</u>

VOLDA OG ØRSTA REINHALDSVERK IKS org.nr. 984068085 MVA**BALANSE PR. 31.12.21**


	Note	2021	2020
EIGEDLAR			
Anleggsmidler			
Varige driftsmidler			
Utsett skattefordel	7	325 344	108 723
Immaterielle egedelar	3	30 809	64 418
Tomter, bygningar og annan fast eigedom	3	78 677 523	30 027 403
Driftslausøyre, inventar, verktøy, kontormaskiner og liknande	3	<u>7 092 570</u>	<u>8 770 212</u>
Sum varige driftsmidler		<u>86 126 246</u>	<u>38 970 756</u>
Finansielle anleggsmidler			
Investeringar i aksjar og andelar		<u>1 397 268</u>	<u>1 356 600</u>
Sum finansielle anleggsmidler		<u>1 397 268</u>	<u>1 356 600</u>
Sum anleggsmidler		<u>87 523 514</u>	<u>40 327 356</u>
Omlaupsmidler			
Varer			
Varelager		<u>594 958</u>	<u>238 140</u>
Sum varer		<u>594 958</u>	<u>238 140</u>
Fordringar			
Kundefordringar		1 357 443	3 217 963
Andre fordringar		<u>3 514 467</u>	<u>1 042 630</u>
Sum fordringar		<u>4 871 910</u>	<u>4 260 593</u>
Bankinnskot, kontantar og liknande	4	<u>32 850 245</u>	<u>61 402 544</u>
Sum bankinnskot, kontantar og liknande		<u>32 850 245</u>	<u>61 402 544</u>
Sum omlaupsmidler		<u>38 317 113</u>	<u>65 901 277</u>
SUM EIGEDLAR		<u>125 840 627</u>	<u>106 228 633</u>

VOLDA OG ØRSTA REINHALDSVERK IKS org.nr. 984068085 MVA

	2021	2 020
EIGENKAPITAL OG GJELD		
EIGENKAPITAL		
Opptent egenkapital		
Fond for slamhandsaming	-2 176 111	2 273 538
Fond for hushaldning	8 009 061	3 513 435
Annan egenkapital	13 462 763	14 354 094
Sum opptent egenkapital	<u>19 295 713</u>	<u>20 141 067</u>
Sum egenkapital	<u>19 295 713</u>	<u>20 141 067</u>
GJELD		
Avsetning for forpliktelsar		
Utsett skatt	7	<u>0</u>
Sum avsetning for forpliktelsar		<u>0</u>
Annan langsiktig gjeld		
Gjeld til kredittinstitusjonar	5	<u>99 047 691</u>
Sum annan langsiktig gjeld		<u>99 047 691</u>
Sum langsiktig gjeld		<u>99 047 691</u>
Kortsiktig gjeld		
Leverandørgjeld	5 281 163	1 886 336
Betalbar skatt	7	0
Skyldige offentlege avgifter	516 475	512 948
Annan kortsiktig gjeld	1 699 585	1 637 231
Sum kortsiktig gjeld	<u>7 497 223</u>	<u>4 036 515</u>
Sum gjeld	<u>106 544 914</u>	<u>86 087 566</u>
SUM EIGENKAPITAL OG GJELD	<u>125 840 627</u>	<u>106 228 633</u>


Høydebygda 29.03.22



Anne Ellingsen
Styreleiar


Hallvard Bjørneset
Nestleiar i styret


John Helge Bjørndal
Styremedlem


Henriette Hafsaas
Styremedlem


Ove Myklebust
Tilsettere representant


Petter Bjørndal
Dagleg leiar

NOTAR TIL REKNESKAPEN FOR 2021

Note 1 **Rekneskapsprinsipp**

Årsrekneskapen er sett opp i samsvar med rekneskapslova og god rekneskapskikk for små føretak.

Følgjande rekneskapsprinsipp er anvende: det lavaste av kostpris og verkeleg verdi for varer kjøpt inn for vidaresal, forsikra pensjonsforpliktelsar er ikkje balanseførte- kostnader er lik utbetalinga i året til forsikringsselskapet, leigeavtaler er ikkje balanseførte, varige driftsmidlar er som hovudregel avskrive lineært over venta økonomisk levetid.

Note 2 **Tilsette, godtgjersler, lån til tilsette m.v.**

	2021	2020
Løner	10 119 824	9 419 984
Arbeidsgjevaravgift	1 748 336	1 426 256
Pensjonskostnader	1 928 899	1 181 678
Andre lønskostnader	452 032	479 895
Sum lønskostnader	<u>14 249 091</u>	<u>12 507 813</u>

Det har i gjennomsnitt vore 19 tilsette i selskapet i 2021

Godtgjersler	Dagleg leiar	Styre/ Representantskap
Løn	981 056	165 879
Anna godtgjersle	69 680	168
Premie til pensjonsordning	302 426	

Pensjon

Selskapet har plikt til å ha tenestepensjonsordning etter lov om obligatorisk tenestepensjon. Selskapet si pensjonsordning tilfredsstillar krava i lova.

Betalt pensjonspremie i året: kr. 1.856.546

Revisor

Kostnadsført revisjonshonorar i 2021 utgjør kr. 20.805

Note 3 **Varige driftsmiddel**

Kostpris 01.01.21	93 091 109
Tilgang	49 663 992
Avgang	10 972
Kostpris 31.12.21	142 744 129
Akkumulerte avskrivningar kostpris 31.12.21	56 390 009
Balanseførte verdier 31.12.21	85 800 902
Ordinære avskrivningar i året	2 714 151

Note 4 Bundne midlar

Posten inneheld bundne bankinnskot med kr. 516.475

Note 5 Pantsetjingar og garantiar

Gjeld til kredittinstitusjonar kr. 99.047.691 er sikra med garantiar frå eigarane.

Note 6 Eigenkapitalinnskot KLP

Selskapet har pensjonsavtale med KLP som er eit gjensidig selskap. År om anna må KLP styrke eigenkapitalen sin og dette skjer ved at medlemmane vert belasta for eigenkapitalinnskot. I 2021 er det betalt kr. 40.668 som er balanseført som eigenkapitalinnskot.

Sum innbetalt eigenkapitalinnskot er no kr. 615.482

Note 7 Skattekostnad på den skattepliktige delen av verksemda**Spesifikasjon av årets skattegrunnlag**

Resultat før skattekostnader	-994 897
Permanente og andre forskjellar	0
Endring i midlertidige forskjellar	10 255
Inntekt	-984 642

Spesifikasjon av årets skattekostnad

Berekna skatt av årets resultat	0
Sum betalbar skatt	0
Endring i utsett skatt	0
Endring i utsett skattefordel	-216 621
Ordinær skattekostnad	-216 621
Skattesats i inntektsåret	22

Betalbar skatt i balansen består av

Betalbar skatt	0
Betalbar skatt i balansen	0

Note 8

Sjølvkostrekneskap 2021 i samsvar med skjema 23- SSB

	HUSHALDNING	SLAM
Kostnader	27 382 951	5 563 359
Kalkulatoriske rentekostnader	165 232	10 835
Avskrivningar	1 654 848	108 566
Gebyrgrunnlag	29 203 031	5 682 760
Inntekter	33 586 550	1 232 163
Det finansielle resultatet for året	4 383 519	-4 450 597
Avsetning til sjølvkostfond	4 383 519	
Bruk av sjølvkostfond		4 450 597
Saldo sjølvkostfond 01.01.21	3 513 435	2 273 538
Alternativkostnad ved bunden EK eller framføring av underskot	112 107	948
Saldo sjølvkostfond 31.12.21	8 009 061	-2 176 111
Finansiell dekningsgrad i året, prosent	100 %	100 %
Sjølvkostgrad for året, prosent	100 %	100 %

Note 9

Utleige 2021

Driftsinntekter	
Salsinntekt	6 734 902
Annan driftsinntekt	12 442
Sum driftsinntekter	<u>6 747 344</u>
Driftskostnader	
Underentreprise	-81 302
Lønnskostnad	-1 496 047
Avskrivning	-950 737
Annan driftskostnad	<u>-4 086 325</u>
Sum driftskostnader	<u>-6 614 411</u>
Driftsresultat	<u>132 933</u>
Finansinntekter og finanskostnader	
Finansinntekt	259 520
Annan finanskostnad	<u>-1 387 350</u>
Sum netto finanspostar	<u>-1 127 830</u>
Resultat før skattekostnad	-994 897
Skattekostnad på ordinært resultat	<u>216 621</u>
Arsresultat	<u>-778 276</u>

Note 10**Kalkulatoriske renter**

Det er ikkje berekna kalkulatoriske renter av investeringa på Melsgjerdet då anlegget ikkje er tatt i bruk.

SØRE SUNNMØRE KOMMUNEREVISJON IKS

Org.nr. 974 789 280 mva

Til
Representantskapet for Volda og Ørsta reinhaldsverk IKS

6160 HOVDEBYGDA

REVISJONSMELDING 2021

Uttalelse om årsrekneskapen

Konklusjon

Vi har revidert årsrekneskapen for Volda og Ørsta reinhaldsverk IKS som viser eit underskot på kr. 845.357,-. Årsrekneskapen består av årsmelding, resultatrekneskap og balanse pr 31.12.2021 med notar som beskriver nytta rekneskapsprinsipp og andre relevante opplysningar.

Etter vår meining er årsrekneskapen avgitt i samsvar med lov og forskrifter og gir ei dekkande framstilling av den finansielle stillingen til Volda og Ørsta reinhaldsverk IKS pr 31. desember 2021, og av resultatet for rekneskapsåret pr. denne datoen som er i samsvar med rekneskapslova sine reglar, tilleggbestemmelsar i lov om interkommunale selskap, forskrift om årsbudsjett, årsrekneskap og årsberetning for interkommunale selskap og god rekneskapskikk.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Norge, herunder dei internasjonale revisjonsstandardane (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter ihht disse standardane er beskrevet i Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjons av årsrekneskapen. Vi er uavhengige av selskapet slik det vert krevd i lov og forskrift, og har overheldt våre øvrige etiske forpliktelsar i samsvar med desse krava. Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon.

Øvrig informasjon

Leiinga er ansvarleg for øvrig informasjon. Øvrig informasjon består av årsmelding, men inkluderar ikkje årsrekneskapen og revisjonsberetninga. Vår uttalelse om revisjonen av årsrekneskapen dekker ikkje øvrig informasjon, og vi attesterar ikkje den øvrige informasjonen.

I samband med revisjon av årsrekneskapen er det vår oppgåve å lese øvrig informasjon med det som formål å vurdere korvidt det forelegg vesentleg inkonsistens mellom øvrig informasjon og årsrekneskapen, kunnskap vi har opparbeida oss under revisjonen, eller korvidt den tilsynelatande inneheld vesentleg feilinformasjon. Dersom vi hadde konkludert med at den øvrige informasjonen inneheld vesentleg feilinformasjon er vi pålagt å rapportere det. Vi har ingenting å rapportere.

SØRE SUNNMØRE KOMMUNEREVISJON IKS

Styret og dagleg leiar sitt ansvar for årsrekneskapen

Styret og dagleg leiar er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen i samsvar med lov og forskrifter, herunder for at det gir eit rettvisande bilde i samsvar med rekneskapslova sine reglar, tilleggsbestmmelsar i lov om interkommunale selskaper, forskrift om årsbudsjett, årsrekneskap og årsberetning for interkommunale selskap og god rekneskapsskikk. Styret har og ansvar for intern kontroll som gjer det muleg å utarbeide eit årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av mislegheiter eller feil.

Ved utarbeidinga av årsrekneskapen må leiinga ta stilling til selskapet si evne til fortsatt drift og opplyse om forhold av betydning for fortsatt drift. Forutsetninga om fortsatt drift skal leggest til grunn for årsrekneskapen så lenge det ikkje er sannsynleg at virksomheita vil verte avvikla.

Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen

Vårt mål med revisjonen er å oppnå betryggande sikkerheit for at årsrekneskapen som heilheit ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som fylgje av misligheiter eller utilsikta feil, og å avgi ei revisjonsberetning som inneheld vår konklusjon. Betryggande sikkerheit er ei høg grad av sikkerheit, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Norge, herunder ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterar. Feilinformasjon kan oppstå som fylgje av misligheiter eller utilsikta fil. Feilinformasjon vert vurdert som vesentleg dersom den enkeltvis eller samla med rimeligheit kan forventast å påvirke økonomiske beslutningar som brukarane foretek basert på årsrekneskapen.

Som del av ein revisjon i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Norge, herunder ISA-ane, utøver vi profesjonelt skjøn og utviser profesjonell skepsis gjennom heile revisjonen. I tillegg:

- identifiserar og anslår vi risikoen for vesentleg feilinformasjon i kompensasjonsoppgåver, enten det skuldast misligheiter eller utilsikta feil. Vi utformer og gjennomfører revisjonshandlingar for å handtere slike risikoar, og innhenter revisjonsbevis som er tilstrekkeleg og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon. Risikoen for at vesentleg feilinformasjon som følge av misligheiter ikkje vert avdekka, er høgare enn for feilinformasjon som skuldast utilsikta feil, sidan misligheiter kan innebære samarbeid, forfalskning, beviste utelatelsar, uriktige framstillingar eller overstyring av intern kontroll.
- opparbeidar vi oss ein forståelse av den interne kontroll som er relevant for revisjonen, for å utforme revisjonshandlingar som er hensiktsmessige etter omstendighetene, men ikkje for å gi uttrykk for ei meining om effektiviteten av kommunen sin interne kontroll.
- evaluerar vi om dei anvendte rekneskapsprinsippa er hensiktsmessige og om rekneskapsestimat og tilhøyrande noteopplysningar utarbeida av leiinga er rimelege
- konkluderar vi på hensiktsmessigheiten av leiinga sin bruk av fortsatt drift-forutsetninga ved avleggelsen av årsrekneskapen, basert på innhenta revisjonsbevis, og korvidt det foreligg vesentleg usikkerheit knytta til hendelsar eller forhold som kan skape tvil av betydning om selskapet si evne til fortsatt drift. Dersom vi konkluderar med at det eksisterar vesentleg usikkerheit, vert det krevd at vi i revisjonsberetningen vier oppmerksomheita på tilleggsopplysningane i årsrekneskapen, eller, dersom slike tilleggsopplysningar ikkje er tilstrekkelege, at vi modifierar vår konklusjon om årsrekneskapen og årsberetninga. Etterfølgjande hendelsar eller forhold kan imidlertid medføre at selskapet ikkje forsetter drifta.
- Evaluerar vi den samla presentasjonen, strukturen og innhaldet i årsrekneskaen, inkludert tilleggsopplysningane, og korvidt årsrekneskaen gir uttrykk for dei underliggjande transaksjonane og hendelsane på ein måte som gir eit rettvisande bilde.

SØRE SUNNMØRE KOMMUNEREVISJON IKS


Vi kommuniserar med leiinga blant anna om det planlagte omfanget av revisjonen og til kva tid revisjonsarbeidet skal utførast. Vi utveksler også informasjon om forhold av betydning som vi har avdekka i løpet av revisjonen, herunder om eventuelle svakheiter av betydning i den interne kontrollen.

Uttalelser om øvrige lovmessige krav

Basert på vår revisjon av årsregnskapet som beskrevet ovanfor og kontrollhandlingar vi har funne naudsynte i hht attestasjonsstandard ISAE 3000, meiner vi leiinga har oppfylt plikta si til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av selskapet sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Norge.

Basert på vår revisjon av årsrekneskapen som beskrevet ovanfor, meiner vi at årsmeldinga inneheld dei opplysningane som lov og forskrift krev og at opplysningane om økonomi i årsberetninga stemmer overens med årsrekneskapen.

Larsnes 28/3-2022


Halldis Moltu

-statsautorisert revisor-

ERKLÆRING I SAMBAND MED REKNESKAPSAVLEGGING FOR 2021

Vi stadfestar etter beste skjønn og overtving:

Rekneskap og budsjett

- Vi kjenner ikkje til at det ved utgangen av året låg føre rettslege tvistar som kan medføre vesentlige forpliktingar for selskapet utover det som går fram av årsrekneskapen.
- Vi kjenner ikkje til at selskapet har brote avtaler eller offentlige påbod på ein måte som kan påføre selskapet vesentlige økonomiske forpliktingar.
- Vi kjenner ikkje til at det har skjedd hendingar etter utløpet av rekneskapsåret av vesentlig betydning for årsrekneskapen.
- Vi har ikkje opplysningar om misleghald eller andre uregelmessige forhold av betydning for årsrekneskapen.
- Vi er kjent med vårt ansvar for å sette i verk formålstenleg rekneskapsrutine og kontrolltiltak for å forhindre og avdekke misleghald og feil.
- Selskapet og årsrekneskapen inneheld ikkje forhold eller transaksjonar med nærstående partar utover datterselskap og kommunane (gjeld både selskap og personar).
- Etter det vi kjenner til inneheld årsrekneskapen alle opplysningar om kjente inntekter og utgifter samt økonomiske forpliktingar av betydning – både påløpte og betinga.
- Alle budsjett- og budsjettendringar gjennom året er registrert.
- Vi meiner at rekneskapsmessig fordeling mellom hhv. næring og monopol er i samsvar med regelverket for sjølvkost.


Opplysningar som er gitt

- Vi har gitt revisor:
 - Tilgang til alle opplysningar som vi har kjennskap til, som er relevante for utarbeiding av rekneskapen
 - Tilleggsopplysningar som revisor har bedt om frå oss for revisjonsformål
- Alle transaksjonar er registrert og går fram av rekneskapen.

Eventuelle kommentarar til punkta over:

Hovdebygda dato

28. mars 2022


Dagleg leiar